



Nøytralitetsrapport for 2022

Organisering av Hemsil Nett AS

Hemsil Nett AS er eit nettselskap med monopol på overføring av elektrisk energi i Hemsedal Kommune. Selskapet inngår i eit konsern og er datterselskap av Hemsedal Energi Holding AS som er 100 % eigd av Hemsedal Kommune.

Konsernet har også verksemd innafor kraftomsetning gjennom Hemsedal Energi Marked AS som også er datterselskap av Hemsedal Energi Holding AS.

Hemsil Nett AS har ein eigarandel i Nettalliansen AS.

Kravet til nøytralitet

Hemsil Nett AS er underlagt kravet til nøytralitet når det gjeld det selskapsmessige skille. Som nettselskap skal Hemsil Nett opptre nøytralt overfor kraftleverandørar og sluttbrukarar. Vi skal handtere informasjon på ein måte som gjer at kraftleverandørar eller andre som leverer tenester ikkje får noko konkurransefortrinn.

Sluttbrukarar skal informerast om kva for kraftleverandørar som leverer kraft i deira nettområde og nettselskapet skal ikkje anbefale nokon kraftleverandør.

Personar som har fleire roller i konsernet

Hemsil Nett AS og Hemsedal Energi Marked AS har felles dagleg leiar.

Dagleg leiar er tilsett i Hemsedal Energi Marked AS og blir leigd ut til Hemsil Nett AS.

Det er også 2 tilsette i Hemsedal Energi Marked AS som har oppgaver innan økonomi og kundesystem som også blir leigd ut til Hemsil Nett AS.

Det er felles styre for alle selskapa i konsernet.

Situasjoner der nøytralitet kan bli utfordra eller informasjon utnyttast i markedet.

Kunder som tar kontakt med Hemsil Nett med spørsmål om sitt kundeforhold blir behandla nøytralt i forhold til kraftleverandørar, el-installatørar eller andre aktuelle leverandørar.

Kundedata som er nødvendig for kraftleverandørar er tilgjengeleg via Elhub og følger retningslinjer som er gjeve av Elhub.

Det kan vera ei utfordring der tilsette i Hemsedal Energi Marked AS har oppgaver innan økonomi og kundesystem i Hemsil Nett AS. Det er klare retningslinjer korleis dei skal behandle nettselskapet sin nøytralitet.

Dei skal heller ikkje gje Hemsedal Energi Marked AS nokon fortrinn ved at dei får opplysningar om kunder i nettselskapet.

Kundedatabase vart splitta mellom Hemsil Nett AS og Hemsedal Energi Marked AS oktober 2022.

Hemsil Nett har eigen nettside: www.hemsilnett.no.

Informasjonen på nettsida er kraftleverandørnøytral og har ingen funksjon knytta til bytte av kraftleverandør.

Opplæring og bevisstgjøring

Hemsil Nett har ein nøytralitetsansvarleg som skal kontrollere at selskapet opptrer nøytralt. Det er Per Kristian Haraldsen som har den rolla. Han har også ansvaret for IKT sikkerheit i selskapet.

Alle medarbeidarar er underlagt ein generell taushetsplikt og skal ikkje dele selskapsintern eller sensitiv informasjon utanfor selskapet.

Salg av tjenester, beredskap

Hemsil Nett utfører tjenester på vedlikehald av gatelys for Hemsedal Kommune. Dette er i lite omfang og er overskuddskapasitet som selskapet har. Blir utført i perioder da det er rolig med vedlikehald og nyanlegg.

Vi har eigen driftssentral og egne tilsette som utgjør vår beredskap. Det er ingen felles driftssentral med andre selskap. Hemsil Nett utfører nokon få tjenester for eit felles fiberselskap som konsernet er medeigar i.

Aktivitet i 2022

Det er ikkje mottatt klager eller registrert avvik knytta til nøytralitet i 2022.

Hemsedal Energi AS skifta namn til Hemsil Nett AS i 2021.

Nødvendige endringar av navn, logo og øvrig profilering som følge av selskapsmessigs skille mellom Hemsedal Energi Marked AS og Hemsil nett AS anses nå tilstrekkeleg og ferdigstilt.